

Langseth (gnr. 65 – 66)

Langseth: gardnamn samansat av langr, lang og setr, seter. Garden var truleg først seter for ein enda eldre gard i nordre Ål. Uttalen av gardsnamnet Langseth i Fåberg har i bygdamålet vore Langset.

I skrivne kjelder finn ein først namnet nemnt i eit dokument skrive på Li i Gausdal 29. januar 1352. Her er det fortalt at Bjørn Dynner, Eyvind Håkonsson og Olav Lie gjorde kjent at Torgils på Langsæter og son hans, Tore, avstod til Bergsvein Bårdsen 5 aurabel i garden "Hunduriu" (Hunder). Etter skattemanntalet av 1525 vat Langset alt da delt i to garder, og Engelbret Langset betalte skatten men 1½ mark, men Gutterm Langset svara 1 lodd sølv. Tretti år seinare var utlikninga av foringskatten "1 bush" på Erich Langsetther, men "1 faar" på Peder Langsether. I 1577 går det fram at 3 skinn landskyld av den eine garden låg til Fåberg Prestebolig. I 1594 er både gardane Langset ført i gruppa for "halve gardar", og 1604 vart korntienda utreidd med 3½ tønne av den eine Langset-garden og med 2½ av den andre. I 1610 er det vidare fortalt at brukaren på den eine garden heitte Lauritz og på den andre Torgeir.

Torgeir Langset levde framleis i 1621. Han var da "udlagt for trolldom, och ingen prouff effuer hanum kunde forhverffuis". For stevninga laut likevel "Torger Langsett" betale 10 Rd. – Tre år seinare var i 1624 Jens vorte brukar på det eine Langset. Han hadde da fått 1. bøxel på "slätter, en engeplads som renter til Kronen 1 skind". Etter atter 6 år var i 1630 Jens framleis brukar på den Langset-garden og Hans på det andre Langset. De betalte like mye i jordskatt. Frå 6 år seinare er det fortalt at Hans Langset fekk 1. bygsel på ein engeplass aschieldsrud av skyld 1 skinn for 3 mark 8 skill.

Litt meir om gardane Langset går fram av "Mandtals Register over Kvegskatten 1657. Der er det fortalt at det da var 3 gardbrukarer på Langset, som namnet der er skrive. Vidare er det fortalt buskapen hos Peder Langset var 1 hest, 3 hopper, 20 naut, 12 geiter og 16 sauvar og 1 gris, hos Jens Langset: 2 hopper, 10 naut, 6 geiter og 8 sauvar, og samtidig var husdyrhaldet hos "Enchen" på Langset: 1 hest, 2 hopper, 7 naut, 10 geiter og 12 sauvar. Av odelmanntalet 1457 går det elles fram at alle dei 3 brukarane på Langset og var odelseigande bønder. Hans Torgersen åtte såleis sjølv 1 hud 9 skinn i sitt Langset og dessutan 3 skinn i Høstmælingen, Jens Hansen åtte sjølv 1 hud 4 skinn i sitt Langset og dertil 1 skinn i Askildrud og ½ hud i Holtlien, dessutan åtte og enka Marit Langset 6½ skinn jordegods i sin gard.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om den garden Langset som Peder Jensen brukte, fortalt at han sjølv åtte 1 hud 11 skinn, mne 3 skinn låg framleis til Fåberg prestebol. Om garden og gardsbruket er det vidare fortalt enga, innmarka der var god og at meir kunne dyrkast. Buskapen av store husdyr var da 3 hestar og 20 naut, og korntiende vart utreidd med 3½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 35 tn. Vidare er det oppgitt at det på garden var ein liten "Hommelhage", og at dei hadde seter og sommarbeite til krøtera på Nordsetra.

Om Langset av skyld 1 hud 10½ hud, som Jens og Lauridz da brukte isaman, er det Vidare fortalt at i denne garden åtte og Randi Nilsdtr. 3 skinn jordegods. Buskapen av store Husdyr var på dette Langset 3 hestar og 16 naut, og årsavlinga av korn utgjorde kring tønner. Både Langsetgardane hadde seter på Nordsetra. Til Langset av skyld 1 hud 10½ skn. hørde dessutan "SletteEng" av skyld ½ skn., Holtelj", skyld ½ hud, "Aschieldsrud", 2 skinn, og "Stoer Sveen", skyld 1½ skinn, alt brukta av Jens Hansen på Langset.

Ti år seinare finn ein gardnamnet for første gang skrive Langset, og det går da tydeleg fram at det var 2 Langset-gardar. Peder Langset hadde den eine garden, Langset søre med Høstmælingen ødegård, av samle skyld 2 huder 11 skinn, og Jens og Lauridz hadde framleis den andre garden, Langset nordre, av skyld 2 huder 8½ skinn. – Vi går så over til å fortelja litt meir om desse gardane kvar for seg, og vi kjem først til

Langset nordre:

Jens Hansen var eigar og brukar av Langset nordre til han døde i 1684. Ved skiftet etter han er det opplyst at han åtte: I Langset 1 hud, i Holteli 1 hud og i Aschelrud 1 skinn. Det går ellers fram at han hadde 7 barn. Det var: Christen, Hans, Peder, Nils, Sigrj, Beret og Gunel.

Trettito år seinare var det i 1718 skifte på ”Nordre Langset” etter Christen Jensen, som er nemnt overfor. Christen hadde vore gift med Kari Torkildsdtr., og dei hadde 8 born. Det var: Peder, Christen, Oluf, Torkil, Jens, Lauritz, Sessel og Guro. Det går elles fram at ved dette skiftet var odelsgodset i arvebuet 2 huder 5½ skinn. Fire år seinare var og enka Kari Torkildsdtr. Død, og odelsarvingen Peder Christensen fekk da samsøskenskjøte på ”hans påboende gaard Langset i Faaberg sogn med at betale hver av brødrene 23 rd. og hver av søstrene 11 rd. 2 ort”.

I Peder Chriatensen si brukartid vart seterlykkja på Nordseteren utvida. Den 16. febr. 1718 vart det såleis tinglese ein bevillingsseddel på at Christen kunne innhegne seg ”en sæterløkke paa sin sæter norSæteren i Komgens alminning paa Flesmyren”. – Fem år seinare kom matrikkelframlegget av 1723 med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Langset nordre med holtli og Askilrud fortalt at garden ligg i sollia og er noko tungbrukt, men jordarten er god. Det var skog til brenneved og gjerdefang, seter med god hamn og utslåttar til 1 lass høy. Høyavlinga utgjorde da i alt kring 25 lass, og buskapen var 2 hestar, 1 føl, 15 naut, 12 sauher og 9 geiter. Den årlege utsæden var 5 tn. bygg og litt rug, og den samla landskyld av garden 2 huder 5 skinn.

Peder Christensen, som da brukte garden, var gift med Kari Larsdtr., og dei hadde 4 born. Det var: 1. Christen fødd 1712, 2. Ole f. 1717, 3. Kari f. 1719, 4. Peder f. 1723.

Den eldste av sønene, Christen Pedersen, var elles i 1736 innvikla i ei rettssak, som etter utskrift av tingboka er bokført slik: ”Fliflet i Fåberg 22. mai 1736. Fogden har innstevnt Christen Pedersen Langset fordi han holder øl og brennevin til ungdommens forførelse. Christen Langset forelegges laugsdag til neste ting. Fliflet 14. juni 1736. Da Christen Langset er commanderet i compagniets affaires, beror saken til neste ting”.

Ein merker seg at tingstaden for Fåberg i den tid altså var Fliflet.

Året etter valde i 1737 Peder og Kari Langset å halde skifte med borna sine medan dei både som foreldre kunne vera tilstades. Ved dette skiftet er det opplyst at landsskylda av garden var nedsett til 2 huder, og arvebuet utgjorde brutto 261 rd. og netto 219 rd. Rdeuksjonen av landskylda skriv seg ifrå at grd. ”Nordre Langset Nedre stue” da var skyldsett ifrå som eige gardsbruk og overtatt av broren Ole (Oluf) Christensen f. 1717.

Peder Christensen Langset vart elles ingen gamal mann. Han døde i 1746, og i 1750 var det sonen Christen Pedersen f. 1712 som hadde tatt over som brukar på Langset nordre. Frå dette året er det tinglyste forlik av 16. Febr. 1750 som før er referert under Breiset, og som gjeld felles bruk av skogen, hogst og hamning i Søre Ål.

Etter atter eit år gav i 1751 Christen Pedersen Langset bygselseddel til Johannes Larsen på ”en under hans gaard Langsæt til og underliggende husmandsplads Roa kaldet beliggende i akerjordet mot årlig husleie”. Samtidig fekk Elling Olsen ein liknande bygselseddel på husmannlassen ”Øvre Sveen beliggende nedenfor gaarden.”

Christen Pedersen f. 1712, som i 1751 var brukar på Langset, var i 1731 vorte gift med Beret Syversdtr. f. 1708, og dei fekk 7 born. Det var: 1. Peder f. 1732, 2. Ole f. 1733, 3. Marit f. 1735, 4. Syver f. 1736, 5. Peder f. 1739, 6. Kari f. 1740, 7. Lars f. 1745.

Christen Pedersen, f. 1712 vart heller ingen gamal mann. Han døde i 1758, og året etter fekk eldste sonen, Peder Christensen, samsøskenskjøte på ”Langset nordre med Aschieldrud” av samla skyld 2 huder for 450 rd.

Peder Christensen, døypt 1732, var elles gift med Marte Torgersdtr. Roen, og dei fekk 7 born: 1. Christen f. 1759, 2. Anne f. 1762, 3. Ane f. 1764, 4. Torger f. 1767, død 1767, 5. Marte f. 1768, 6. Torger f. 1770, 7. Berte f. 1774.

Frå 1760 er ei sak der husmannsplassen Øversvea er omtala. Saka er elles etter utskrift av tingboka referert slik:

”Langset i Faaberg.

16. febr. 1760.

Peder Christensen Langset har innstevnt sin husmann Elling Olsen, dels for resterende rettighet av plassen og dels til fravikelse av plassen Øvre Sveen formedels ulydighet. Avsagt: Da partene er kommet overens om at husmannen Elling Olsen ryddiggjør pl. Øvre Sveen for citanten imot at den siste erstatter de på plassens huse og jord anvendte bekostninger, så avsiges for Rett: At når Peder Langset til 14. april erstatter Elling Olsen de på plassen anvendte bekostninger, så bør Elling Olsen til same tid fravike pl. Øvre Sveen.”

Som åra gjekk, viste det seg elles at det og vart vanskeleg for Peder Langset å greie seg reint økonomisk. I 1781 selde han så Langset med Askelrud til Fredrik Jørgensen Sorgendal for kjøpesum 1050 rd. + føderåd. - Fredrik Jørgensen Sorgendal hadde Langset nordre i 4 år. Da selde han den 10. oktbr. det halve av garden til Syver Christensen og det andre halve til bror sin, Peder J. Hammerseng. Kjøpesummen for kvar av gardane var da 410 rd. Tre år seinare selde Syver Christensen sitt Langset av skyld 10 3/7 skinn til Arne Syversen for 450 rd., og etter atter 7 år selde Peder Hammerseng sitt Langset nordre av skyld 7 ¾ skinn til Ole Larsen for 699 rd. Samtidig kjøpte og Jens Larsen Moen den andre halve del av Langset nordre for same pris, 699 rd.

Ved folketellinga i 1801 budde det 3 familiar på Langset nordre. Det var: 1. familie: 1. Jens Larsen, husbonden, 44 år, 2. Inger Larsdtr., kona hans, 40 år, 3. Guri, doter deres. 10 år, 4. Lars, son deres, 7 år, 5. Christen, son deres, 3 år, 6. Ingebor, dotter deres, 1 år, 7. Peder Jensen, tenestkar, 18 år, 8. Torger Pedersen, knappmaker, 32 år, 9. Marthe Torgersdtr., føderådkone, 62 år, 10. Sidsill Pedersdtr., legdkone, 60 år, 11. Eli Olsdtr., ”Nyder Almissee”. 2. familie: Christen Olsen, husmann med jord, 65 år, 2. Maria Christensdtr., kona hans, 61 år. 3. familie: 1. Ole Larsen, husbonde, 49 år, 2. Anne Paulsdtr., kona hans, 45 år, 3. Berthe, dotter deres, 16 år, 4. Paul, son deres, 15 år, 5. Ole Madsen, tenestkar, 21 år.

I 1808 gav Ole Larsen på nordre Langset av skyld 7 ¾ skinn skjøtetil son sin, Paul Olsen, for kjøpesum 800 rd. + føderåd. Med i kjøpet var da ”alt løsøre, besetning og redskaper; dog undtatt det som Ole Larsen og hustru behøver som føderådsfolk”. Elleve år seinare er det i matr.framleggget for Fåberg av 1819 opplyst at på Nordre Langset øvre var buskapen av store husdyr da 2 hestar og 8 naut, og årsavlinga av korn var ca. 35 tn. For Nordre Langset nedre var dei tilsvarande tal: 2 hestar, 8 naut og 40 tn. korn. – Etter atter 10 år kunne Paul Olsen i

1829 gi skjøte til sin son Andreas Olsen på både gardane Langset nordre av samla skyld 1 hud 1 ¾ skinn.

Andreas Olsen hadde både desse gardane også i 1839. Ved den nye matrikuleringa av gardane sama året vart skylda på ”Langæt nordre” sett til 3 skylddalar 2 ort 2 skilling, og skylda på ”Langsæt øvre” vart sett til 2 skylddalar 4 ort 22 skill. Under nytt matr.nummer 152 vart samtidig innført løpenummer 196b Åretbakken , skyld 2 ort 23 skill., som kjøpmann Sæter i den tid hadde, løpenr. 196c Tamburstuen, skyld 14 skilling, og 197a Tamburstuen av skyld 28 skilling, som Lars Olsen da var eigar av.

Andreas Olsen brukte og Langset nordre framleis i 1846. Da var kona hans, Sidsel Paulsdtr. Død, og det var etter skifte på Nordre Langset. Ved dette skiftet vart garden utan skog taksert for 450 spd., og arvebuet utgjorde brutto 1733 spd. og netto 236 spd. Arvingane ved skiftet var, forutan enkemannen Andreas Olsen, dei to borna i ekteskapet: Ole og Pauline.

Andreas Olsen hadde Nordre Langset til i 1850. Da gav han skjøte på garden til cand.jur. Ole Thommesen Gaard. – Den nye eigaren gav etter kvart husmennene sine kontrakt på plassane.I 1851 fekk såleis Kristen Kristiansen husmannskontrakt på pl. Langsetringen, Peter Simensen og hustru fekk i 1856 husmannskontrakt på Langsethagen, og samtidig fekk Peder Nilsen og kona ”og een av deres Barn” husmannskontrakt på plassen Kalmyren. Vidare fekk i 1861 Amund Simensen og hustru husmannsbygsel på pl. Bjerkeli, og Lars Kristensen bygsel på sørnre Kalmyra.

Under folke- og jordbruksstellingane i 1865 vartdet publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om Langset nordre fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde ca. 130 mål, og av dette var 71 mål jord av 1. klasse. Dessutan er det opplyst at jordbruksarealet på Åretbakken av 19 mål og på Tamburstuen ca. 39 mål. Samtidig er det opplyst at husdyrhaldet på Langset nordre med husmannsplassar var 2 hester, 16 naut og 28 småkrøter, og at den samla utsæden av korn var ca. 6 ½ tønne og av settepoteter ca. 18 tn.

Assessor O. Thommesen hadde Langset nordre i 1874. Da selde han garden med setra Nordseter til enkefrau Schilling for 6000 spd. Den nye eigaren hadde elles eigedomen berre i fire år. Da skjøta ho i 1878 Nordre Langset med Nordsetra og div. lausøyre til oberstløytnant Holmsen for kjøpesum kr. 24000,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. Langset nordre i Fåberg fekk da gardsnr. 65 med samla skyld 11,91 mark, og det var da 3 bruksnr. under gnr. 65 Langset. Det var: a. Langset nordre øvre av samla skyld 10,24 mark, som oberstløytnant Holmsen framleis var eigar og brukar av, b. Åretbakken, skyld 1,02 mark, eigar kjøpm. A. Bergseng, c. Tamburstuen, 0,65 mark, eigar ell. brukar Andreas Amundsen.

Etter ajourført matrikkkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at John Knudsen Aarnes hadde kjøpt Langset øvre, da av skyld 8,90 mark, O. Hansen Ellingsrud hadde kjøpt brn. 3 Tamburstuen, og Lars Kristiansen var vorte eigar av brn. 4 Kalmyren av skyld 0,44 mark.

Av handlar med garden eller parsellar av garden i seinare tid tek vi elles med at i 1907 hadde Martin T. Holte kjøpt grn. 1 Langset og i 1909 brn. 6 Åretbakteigen. Ingeniør Jordal kjøpte i 1917 brn. 9 Birkely av skyld 0,20 mark, og Martinus Bakken tilhandla seg i 1922 brn. 11 Bakken, skyld 0,09 mark. Same året kjøpte og Petter Evensen brn. 13 Bjørkholt, og Albert

Dahle kjøpte i 1926 brn. 14 Nerhagen. Gunda og Øivind Lande kjøpte i 1934 brn. 17 tomt for Lillehammer Høifjellshotell, og året etter kjøpte Anna Fougner brn. 18 Næverstue, og Ebba Lunde kjøpte samtidig brn. 19 Maurhaugen av skyld 0,06 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det vorte kring 40 brn. under grn. 65 Langset nordre. Av desse mange bruksnr. var det likevel berre 4 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 65, brn. 1, Nordgardshagen med areal ca. 20 mål, eigar: M. T. Holte, brukar: Ole Helmersen, brn. 3,4 Tamburstugu, areal ca. 60 mål, eigar og brukar Amund Holtklimpen, c. brn. 4 Kalmyre, areal ca. 20 mål, eigar og brukar Iver Bakke, d. brn. 14 Nerhagen, areal ca. 36 mål, eigar og brukar: Albert Dahle.

Langset nordre, nedre.

På Nordre Langset er det alt i 1718 fortalt at det var eit bruk "Nedre stue" av skyld 6 ½ skinn. Dette Langset var det da Ole (Oluf) Christensen som hadde.

I matr.framlegget av 1723 er det om denne garden Langset vidare fortalt at husdyrhaldet der da var 1 hest, 5 naut, 3 sauvar og 2 geiter, og den årlege utsæden av korn var ca. 2 tønner bygg. Garden er oppgitt til å vera tungbrukt, men jordarten var god. Det var skog til brenneved og gjerdefang, seter med god hamn og utslåttar til 1 lass høy.

Ellevre år seinare var det ei synfaring og takstforretning der i "Nedre Stue", og saka har i ei utskrift av tingboka denne ordlyden:

Langset Nordre i Faaberg.

16. oktb. 1734.

"Besiktigelse på grd. Nordre Langset (Nedre stue) efter oppsidderen Ole Christensens forlangende. Innstevntecitantens mor, som er syk og sengeliggende, Peder Christensen Langset, og hans søn Christen Pedersen, samt Christen, Torkild, Jens og Lars Christensønner.

Gårdens bygningar som bestod av 1 ny stuebygning med inventar, 1 liten kornlade, 1 fæhus, 1 hestestall, 1 småkreaturhus, 1 stabbur og 1 lite bryggerhus, samt arbeidet med åkeren, og nye hus på Nordsæteren ble besett og taksert.

Ole Christensen har etter overenskomst med sin bror Peder Langset forsørget sin mor Kari Torkelsdtr. siden 1722 og begjærte denne bekostning taksert, hvilken man anslog til 84 rd.

Dessutan reserverte Ole Christensen sig erstatning for de 23 rd. som han ved forliket 1722 ettergav sin bror Peder Christensen for 3 2/7 skind i Langset, som han arvet ifl. Skiftebrevet av 1720."

Ole Langset som det her er tale om, var sikkert ein dugande, men truleg noko utfordrande mann, som truleg lett kom på kant med folk. På det tyder ei sak som i utskrift er referert slik:

15. septb. 1745.

"Ole Nordre Langset har innstevnt Christen Olsen ved Søndre Langset fordi han skal ha overfalt citanten med hugg og slag på en helligdag. Vidnet Beret Siversdtr. Langset forelegges lavdag til neste ting."

18. febr. 1746.

"Avsagt: Christen Olsen bør etter loven med ed fralegge sig ovennevnte siktelse og dermed for videre tiltale fri at være. Men viss han ikkje trøster sig dertil, tilpliktes han at bøte 3 6-lodd ølv=9 rd. til Kgl. Mait. Og betale citanten 5 rd. i omkostninger".

Tretten år seinare er det i 1759 opplyst at husbonden Ole Christensen var død, og det var skifte etter han. Ved dette skiftet vart "Nerstuen Langset" av skyld 6 ½ skinn verdsett for 100 rd., og arvingane gav samtidig skjøte til eldste sonen, Christen Olsen på Nordre Langset nedre stue for 160 rd.

Christen Olsen brukte Langset nordre nedre i tidsrommet 1760-1781. Da gav han den 11. okt. tinglyst skjøte til svigersonen Iver Erichsen på Langset "mitre", som garden da er kalla, for sum 596 rd. + føderåd til svigerforeldra Christen Olsen og Marit Jørgensdtr.

Iver Erichsen hadde garden til han døde i 1798. Ved skiftet på Langset "mitre" i samband med dødsfallet vart Langset av skyld 6 ½ framleis taksert til 350 rd., og arvebuet utgjorde brutto 464 rd. og netto 214 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Sidsell Christensdtr. dei 4 borna i ekteskapet. Av dei var sonen Ole Erichsen 17 år, søstera Guro var 10 ½ år, broren Erich 7 ½ år, og søstera Marit var 2 år. Enka Sidsell gifta seg elles snart etter oppatt med Einar Jensen.

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 to familiar på og/eller ved Langset nordre nedre. Det var: 1. familie: Einar Jensen, husbonden, 32 år, 2. Sidsell Christensdtr., kona hans, 42 år, 3. Ole Iversen, son til kona, 20 år, 4. Erich Iversen, son til kona, 10 år, %. Guro, dotter til kona, 6. Marit Iversdtr., dotter til kona, 5 år, 7. Ingebor Einarsdtr., dotter til både husbondsfolka, 1 år, 8. Mari Alvsdtr., tenestkvinne, 21 år, 9. Christen Olsen, far til lona, føderådmann, 70 år. 2. familie: 1. Gudmund Olsen, husmann med jord, 63 år, 2. Kari Olsdtr., kona hans, 64 år, 3. Lars Olsen, bror til mannen, dagarbeidar, 36 år, 4. Inga Olsdtr., søster til mannen, "går i dagleie", 40 år, 5. Ole Jensen, sonen hennar, 4 år.

Sju år seinare gav i 1808 styvfaren Einar Jensen skjøte til odelsarvingen Ole Iversen på grd. nedre Langset av skyld 6 ½ skinn, dessutan medsele lausøyre, husdyr, gardsreiskap og 20 tn. korn for kjøpesum i alt 700 rd. + føderåd til Christen Olsen og Einar Jensen med hustru.

Ole Iversen brukte framleis garden i 1819. Det er da opplyst om grd. Langset nedre at buskapen av store husdyr i den tid var 2 hetar og 8 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 40 tn. – Ole Iversen hadde enda løpenr. 197b Langset også i 1839. Ved matrikuleringa av gardane det same året vart matr.skylda på Langset nedre sett til 3 skylddalar 4 ort 3 skilling. – Tre år seinare gav i 1842 Ole Iversen skjøte til eldste sonen Iver Olsen på odelsgarden Langset framleis av skyld 6 ½ skinn. I Iver Olsen si brukartid var det enda fleire husmannsplassar under Langset nordre nedre. I 1852 fekk såleis Andreas Olsen og kona husmannskontrakt på plassen Kalløkken for levetida. Samtidig fekk og Peder Stenersen og hustru kontrakt på husmannsplassen Haugen, og Ole Simensen og etterkomrarar fekk husmannsbysgel på eit engstykke kalla Holtlien. Frå denne tid er og eit kommisjonsforlik mellom Iver Langset og Christen Svendsen Sletten om bruk av pl. Sletten.

Men i 1855 var Iver Olsen død, og faren Ole Iversen gav da skjøte til "som eneste arving efter sin søn Iver Olsen til svigersonnen Hans Hansen Suttestad paa denne og fleire eiendommer for en samlet kjøbesum av 4161 spd."

År 1865 vart det i samband med folke- og jordbruksstellingane publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om Langset ”mitre med en Del af søndre” fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde 341 mål, og av det var 127 mål jord av 1. Klasse. Samtidig går det fram at husdyrhaldet på same garden var 5 hestar, 34 storfe og 32 sauher, og at den årlege utsæd av korn var ca. 14 ½ tønne og av settepoteter 19 ½ tønne.

Av år 1864 er eit skriv der fogden gjer merksam på at gardane løpenr. 198a Langset sore, løpenr. 197b Langset sore med Langset nordre nedre og løpenr. 188d Øymoen er slått isaman. Av 1893 er ei husmannskontrakt frå Eli Eriksdtr. Langset f. Fryjordet til Mathias Olsen og kona på plassen Langsethaugen eller Lybæk under midtre Langset for levetida.

I mellomtida kom elles i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. Langset søndre med Langset nordre nedre og Øymoen vart da matrikulert under Langset brn. 3 med ei samla skyld av 17,? mark og med Hans Hansen som eigar og brukar.

Det Langset søndre eller sore som vi alt nå har nemnt fleire gonger, har elles si eige interessante soga, og vi skal til slutt sjå litt nærmere på denne grannegarden:

Langset søndre.

Den 29. August 1667 vart det ved hauettingen på Mellem i Fåberg tinglyst ei sak som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Mellem i Fåberg 29. August 1667.

Velfornemme Friderich Daudsens tjener, Jens Suntzen, lot efter fuldmagt frå hr. Olluf Jensen, sogneprest til Nes Hedmarken, tiltale Peder Langset for oversittelse av en kontrakt som er inngått mellem han og hr. Olluf d. 3. oktb. 1663 ang. Lagesildfisket i Funesøens narp i Fåberg. Fremlagt brev hvorved sognepresten i Biri hr. Matz Pedersen Aalberg hjemler Peder Langset same varp. Saken beror inntil hr. Matz og medeiere stevnes i saken.”

Den Peder Langset det her er tale om, heitte egentleg Peder Jensen og var gift med Guri Christensdtr. Dei hadde 3 born: Sønene Ole, Christen og Lars. Da faren, Peder Jensen, i 1685 var død, og det var skifte etter han, er det opplyst at åtte åtte 2 huder 11 skinn odelsgods i Langset sore i Fåberg. – Seksten år seinare hadde sonen Ole Pedersen vore brukar på soreLangset, men han var da død, og det var skifte etter han. Ved dette skiftet vart landskylda av garden oppgitt til 2 huder 5 skinn, og det går vidare fram at arvingane ved skiftet var dei 3 borna: Christen, Guri og Berte. Enka, Mari Pedersdtr., gifta seg oppatt til sitt 2. ekteskap med Jacob Olsen og seinare til sitt 3. ekteskap med Jon Iversen. Men det var heller ikkje så greitt å sitja att med fleire born og ein stor gard når husbonden vart borte.

År 1723 kom det nye matr.framleggget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om grd. Langset med SletterEng og Høstmælingen Engeland av samla skyld 2 huder 11 skinn fortalt at garden ligg i sollia og er noko tungbrukt, men jordarten er god. Detvar skog til brenneved og gjerdefang, seter med god hamn, men ingen utslåttar. Den årlege høyavlinga var kring 40 lass, og buskapen utgjorde da 3 hestar, 2 føl, 20 naut, 14 sauher og 12 geiter, og den årlege utsædene var kring 7 tønner bygg og litt rug. Vi har altså her for oss den største av Langset-gardane i

den tid. Brukar på søre Langset var da Christen Olsen, som vi kjenner litt til fra før, men han åtte ikkje garden heilt åleine. 3 skinn låg til fåberg prestebol.

Vidare er å fortelja om Christen Olsen at han var fødd kring 1690, at han var gift med Ragnhild Evensdtr. Bjørnstad, og dei fekk 5 born. Det var: 1. Even, 2. Guri, 3. Ole, 4. Peder, 5. Sessel. Foreldra valde å skifte med borna sine medan dei både, foreldra, var i live. Skiftet var i 1750, og det er oppgitt at arvebuet utgjorde brutto 461 rd. og netto 223 rd. samtidig fekk og eldste sonen, Even Christensen, søskenskjøte på ættagarden Søndre Langset av skyld 2 huder 11 skinn for kjøpesum 400 rd.

Even Christensen, som da tok over garden, var gift med Åsta Syversdtr. Skjellerud, og dei fekk to born. Det var: 1. Syver f. 1746, 2. Christen f. 1750.

Frå Even Christensen si brukartid er det fleire tinglyste sakar som gjeld husmannsplassane. I 1751 gav han såleis bygselseddel til Christen Jonsen på ”en under hans gard Langsæt til og underliggende husmandsplads Slaaten kaldet beliggende i engen mot årlig husleie.” Samtidig gav han og bygselseddel til Christen Olsen ”på en under hans gard Langsæt til og underliggende husmannsplass Langsæt Bakken kaldet beliggende i akerjordet mot årlig husleie i arbeide.”

Frå 1757 er ei sak som etter utskrift har denne ordlyden:

”Langset Søndre i Fåberg.

16.febr. 1757.

Gårdmann Even Christensen langset meldte at siden de to husmannsplassane Lille Lien og Hagen er to eldgamle eiendomme som har fulgt hans gard Søndre Langset frå umindelige tider, og dette av nogen er draget i tvil, fremstillet han endel vidner ang. Disse husmannspladse. Vidernes forklaring bekreftet at pladsene Lille Lien og Hagen har hørt under Søndre Langset og at beboerne har svaret rettighet til denne gården. Tingsvidnet blev derefter sluttet”.

Av ei sak frå 1758 går det fram at bonden Even Langset i den tid var skysskaffar. Han var da innstevnt til tinget fordi han hadde nekta å skyssse auditør og prokurator Jens Holm, men saka vart opp- og avgjort ved forlik.

Even Christensen hadde Langset søre til i 1772. Da gav han den 14. april s. å. skjøte til eldste son sin, Syver Evensen f. 1746 på garden ”Søndre Langset skyldende 2 huder 11 skind for sum 600 rd.” Samtidig gav så kjparen føderåd til foreldra sine Even Christensen og Åsta Syversdtr. for levetida.

Syver Evensen som dermed tok over som eigar og brukar av ættagarden, gifta seg i 1777 med Kari Hansdtr. Bratland frå Gausdal, og dei fekk 3 born: a. Christen f. 1778, b. Hans f. 1779, c. Aasta f. 1782.

Bror til husbonden, Christen Evensen, er nemnt i 1778. Han fekk da bygselseddel frå bror sin på husmannsplassen Hagen mot å svara i årleg avgift 9 rd. Christen var da gift med Marit Madsdtr., og dei budde altså inntil vidare på husmannsplassen.

Under folketellinga i 1801 budde det 7 familiar på og/eller ved søre Langset. Det var: 1. familie: 1. Syver Evensen, husbonden, 54 år, 2. Kari Hansdtr., kona hans, 44 år, 3. Christen

Syversen, son deres, 23 år, 4. Hans Syversen, son deres, 22 år, 5. Aasta Syversdtr., dotter deres, 19 år, 6. Marta Christensdtr., tenestkvinne, 21 år, 7. Mari Pedersdtr., tenestkvinne, 21 år. 2. familie: 1. Even Christensen, far til husbonden, føderådsmann, 79 år, 2. Aasta Syversdtr., kona hans, 79 år, 3. Eli Arnesdtr., legdkvinne, 89 år. 3. familie: 1. Friderich Engebretsen, husmann med jord, 45 år, 2. Eli Arnesdtr., kona hans, 38 år, 3. Arne, son deres. 10 år, 4. Johannes, son deres, 8 år, 5. Christen, son deres, 4 år, 6. Engebret, son deres, 1 år. 4. familie: 1. Engebret Axelsen, legdmann, 80 år, 2. Randi Olsdtr., kona hans, 85 år, legdkvinne,. 5. familie: Anders Svendsen, husmann med jord, 54 år, 2. Ingri Olsdtr., kona hans, 51 år, 3. Rønnaug Andersdtr., dotter deres, 16 år, 4. Kjersti Andersdtr., dotter deres, 12 år. 6. familie: 1. Christen Olsen, husmann med jord, 45 år, 2. Aasta Pedersdtr., kona hans, 42 år, 3. Ole, son deres, 15 år, 4. Peder, son deres, 11 år, 5. Even, son deres, 4 år. 7. familie: 1. Ole Svendsen, husmann med jord, 74 år, 2. Marit Christensdtr., kona hans, 71 år, 3. Svend Olsen, son deres, 28 år, ugift.

Året etter folketellinga gav så Syver Langset skjøte til odelsarvingen Christen Syversen på grd. Langset sore for kjøpesum 799 rd. + føderåd til foreldra for levetida.

Christen Syversen Langset som dermed tok over garden, var gift med Anne Amundsdtr. Tråset, og dei fekk 7 born. Det var: 1. Even f. 1802, 2. Amund g. 1804, 3. Syver f. 1806, 4. Kari f. 1807, g. 1838 m. Arne Pedersen Sæter, 5. Simen f. 1810, 6. Anne f. 1812, 7. Johanne f. 1814.

Av 1808 er ei tinglyst kontrakt frå Christen Evensen til Christen Syversen om føderåd av plassen Langsethaugen. Etter atter 11 år kom i 1819 det nye matrikkelframlegget for Fåberg med fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Langset sore fortalt at buskapen av store husdyr på garden i den tid utgjorde 5 hestar og 24 storfe, og den årlege kornavlinga var ca. 75 tønner. Det er elles opplyst at garden framleis hadde 5 husmannsplassar.

Same året , altså 1819, døde og Syver Evensen Langset. Ved skiftet i samband med dødsfallet er det m. a. opplyst at Hans syversen, sonen hans, hadde vore gift med Anne asbjørnsdtr. Holme, og at dei hadde 3 born: Asbjørn, karen og Ingeborg, men faren Hans Syversen var da død. Vidare vart det samtidig gjort kjent at søstera Åsta Syversdtr. var gift med Erik Kleva, Gausdal.

Ved matrikuleringa av gardane i 1839 var det 3 oppsittarar på Søndre Langset. Dei er kalla: Ole Knudsen, Einar Asbjørnsen og Ole Iversen. Dessutan var Even Christensen framleis oppsittar på gardsbruket Langsethaugen. Under justeringa av matrikkel skylda same året fekk sore Langset m/Langsethaugen ei samla ny skyld på 14 skylddalar 1 ort 1 skilling. – Seks år seinare gav i 1845 Ole Knudsen skjøte til svigerson sin, Ole Olsen, på den delen av Langset som da er kalla Midtlangset.

I samband med folke- og jordbruksstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det under løpenummer 197 oppgitt at "langset midtre med en Del af søndre" da hadde eit samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på 341 mål, og av dette var 127 mål jord av. 1. klasse, dessutan hadde, framleis under løpenr. 197, "Langset søndre" eit tilsvarande jordbruksareal på 205 mål og av dette 84 mål jord av 1. klasse, og vidare hadde "Hagen" eit jordbruksareal på 124 mål med 26 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet og utsædeni den tid var: a. på Langset midtre med plassar: 5 hestar, 34 storfe og 57 småfe, og av utsæd: 14 ½ tønne korn og 19 tn. settepoteter, b. på Langset søndre m/plassar: 3 hestar, 16 storfe og 32 småfe, og av utsæd: 3 ½ tn. korn og 11 tn. settepoteter, c.

på Langsethagen: 2 hestar, 4 storfe, 12 småfe, og av utsæd: 3 ½ tn. korn og 3 ½ tønne settepoter.

I 1884 var det Hans O. Langset som hadde Søndre Langset. Han gav ”Skytterlaget Løven” kontrakt om leige av skytebane for det første for 15 år.

To år etter kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. Langset søndre i Fåberg fekk da gardsnr. 66 av samla mtr.skyld 32,68 mark, og det var da 7 bruksnr. under grn. 66 Langset søndre. Det var: Gnr. 66, brn. 1 Langset søndre av skyld 10,31 mark, som Hans Olsen var eigar og brukar av; brn. 2 Slaaten, skyld 0,43 mark, eigar ell. brukar: Johannes Asbjørnsen; brn. 3 Langset søndre m/ nordre nedre og Øiamoen, samla skyld 17,82 mark, eigar og brukar Hans Hansen; brn. Hagen, skyld 3,12 mark, eigar ell. brukar: Kristen Evensen, brn. 5 Alfsonhaugen (Langsethaugen), skyld 0,31 mark, eigar ell. brukar: Kristian Olsen; brn. 6 Slåtten, skyld 0,45 mark, eigar ell. brukar: Kristian Kristiansen; brn. 7 Slåtten, skyld 0,24 mark, eigar ell. brukar: Ole Simensen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at grn. 66, brn. 1 Langset var overtatt av Ole Hansen, brn. 2 Slaatten av kristian A. Aselrud, brn. 3 Langset søndre med nordre nedre og Øiamoen var overtatt av Ole Monsen, brn. 5 Alfsonhaugen (Langsethaugen) av Mathias Kristensen, brn. 7 og 8 var overtatt av Simen Olsen, brn. 9 Kjølbakken var selt til Hans Evensen, brn. 10 Langsethagen øvre til Lars Johannessen, brn. 11 Kjølbakken til Hans Evensen, brn. 12 Nordseter skogstykke til Iver Roverud, brn. 13 Fagerhøi tilhørde Lars Johansen og grn. 14 Langset pensionat tilhørde O. M. Langset m. fl.

Av handlar i nyare tid med gnr. 66 Langset søndre eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1919 kjøpte Nils Nilsen grn. 66, brn. 20 Knapiberg av skyld 0,02 mark, og Oluf Nilsen kjøpte i 1931 bn. 21 Tanget. Ole N. Langset hadde i 1937 overtatt brn. 26 Nevra, av skyld 0,06 mark, og Joh. A. Svensen overtok samtidig brn. 27 Nevra av skyld 0,0 mark. I 1938 kjøpte Ruth Haug brn. 29 Haugen.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det vorte 40 bruksnummer under gardsnummer 66 langset sore. Av desse mange bruksnr. var det da likevel berre 6 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: Gnr. 66, brn. 1 Langseth sore med eit jordbruksareal på ca. 100 mål og eigar og brukar Ole N. Langset, brn. 3 Langset midtre, areal ca. 220 mål, eigar og brukar Ole N. Langset, brn. 4 Langsethagen, areal ca. 75 mål, eigar og brukar Amund Langsethagen, brn. 5 Alfsonhaugen, areal ca. 17 mål, eigar og brukar Magnus Alfsonhaugen, brn. 7, 8, Slåtten, areal ca. 24 mål, eigar og brukar Sissel Slåtten, brn. 9, 11, Kjølbakken, areal ca. 15 mål, eigar og brukar Magnus Skjellerudsveen.

Litt om husvære og husmenn.

Kring den gamle garden i ei grend voks det snart opp fleire spreidde små jordbruk på bygsla grunn, husmannsplassane. Mangt tala for at det vart slik: Grjon og sugl var nå eingong det vissaste av maten, så brukande jord og husdyr burde kvar huslyd ha. Dessutan hadde folk så lite av pengar mellom hender i den tid. Det at husbonden som hadde materialar, bygde husa på plassen, var ei trygd for at husværet vart fullført og ikkje vart altfor armodsleg. Skikk og bruk og folkeleg sørmd var og ei rettesnor i så måte. At husleiga av bruket kunne betalast i arbeid på garden, var ei tiltalande ordning ikkje minst for den pengearme husmannen, men og

for husbonden. Det daglege samvær i ei årrekke mellom arbeidar og arbeidsherre vart noko av ei sliping for dei både to. Det synte seg da som så ofte at det avgjerande er sjølve kvaliteten av mennesket, anten ein er frå storgarden eller husværet.

For borna frå husværa var samværet med born og vaksne på garden ein livsens skule på så mange merkelege måtar. Alt da ante dei at den sterkeste guten og den venaste jenta kunne og bli fødd i eit husvære. Her og der greip naturen inn og sørgde for at blodet vart blanda. Ikkje minst blant norske bønder var det på sine stader og til sine tider ikkje så reint lite av slektsdyrking, men husværa kunne føre så mange prov for at den overdrivne slektsdyrkingsa hadde lite for seg. Da mange av dei som før hadde vore husmenn seinare fekk kjøpt bruket sitt, var fleire av dei røynde og dugande jordbruksarar.